

MAROKKOTUREN

Av Torgeir T. Garmo

— No business today also, so you get it cheap, 400 dirhams! — Argumentasjonen virka ikkje heilt overtydande, så eg kasta fram eit bod: — 20 dirhams!


Seljaren stirra vantru på meg. — Not 400, not 20. A good price for you only — 320 dirhams! Etter mykje kjeftbruk på norsk og fransk og etter at eg hadde sett meg i bilen 2 gonger, var geoden min for 110 dirhams, om lag 110 kroner. I steinverda er Marokko serleg kjent for mineral frå Mibladen og Bou Azzer. I Mibladen/Midelt-området vart ei rekke mindre gruver drevne på bly, men all større, organisert drift stansa opp for 10—12 år sia. På gangar/sprekkar i ein kalk-sandstein fanst det her enorme flak med

kvite/bleikrosa barytt xls, ofte oversådd med klare cerusitt xls opp til 2½ cm store. Men først og fremst var Mibladen kjent for djupraude/brunraude vanadinitt i xls opp til 1½cm. Prøver frå Mibladen er å finne i alle større samlingar.

Bou Azzer er mindre kjent, det ligg sør for Høgatlas i eit arid klima. I ein ultrabasisk bergart (res. serpentinit) fanst ei av dei største koboltforekomstene i verda. Denne er nå tømt, og gruvene vart lagde ned for eit par år sia.

Bou Azzer var serleg kjend for skinnande blanke skutterudit xls og for sekundær mineral som erythrin, rosesitt og coboltocalcitt.

Frå Mibladen ser det ut som om det kjem meir mineral enn nokon gong, truleg frå tidlegare gruvearbeidarar som nå driv gruvedrift etter stuffar i eigen regi. Dessutan, hevda ein av



Steinhandel ved berberborda i Høg-Atlas.

berbervenene våre: Barytt med cerussitt xls heilt like dei i Mibladen kom frå ei ny gruve lengre i sørvest. Men frå Bou Azzer var det lite å sjå, og mine heimelsmenn hevda at området nå var fråflytt og veggen graven ut av regnvatnet. Det er eg viljig til å tru på etter ein køyretur inn dit i 1978 med gruvene ennå var i full drift; vi måtte omtrent bera bilen inn dei verste stykka!

Frå ei gruve ved Oujda ved grensa mot Algerie kjem det i dag stuffar av verdensklasse av Azuritt, Wulfenitt og Anglesitt. Desse ligg svært høgt i pris, og mi røynsle er at dei kan kjøpast inn billigare i England enn i Marokko!

Men attende til berberene våre og steinhorda deira langs vegane i Høgatlas:

Helst sel dei «lokal stein» som alle hevdar å ha funne sjølve. Av fossilar dominerer trilobittar frå Erfoud (nordlege Sahara), desse er ofte slipt og polerte til askebeger. Elles finn vi eit rikt utval av trilobittar frå Atlas, skjell av ulike typer, Krinoidar m.m. Men det er geodene som dominerer. Kvit/klar kvarts blir til «topaz» overfor ukyndige turistar, alt med eit glimt av farge er «amethyst». Kilovis med knuste geoder er stabla oppå einannan, det meste er «rusk» på godt norsk. Men ser du nøyare etter, kan du finne vakre goethittkostar i den klare kvartsen, og ein del av amethysten har eit vakkert raudskjer av hematitt. Du kan snuble over heile geoder (dvs. at heile skallet er til stades), og dei flottaste

kan faktisk konkurrere med dei brasilianske. Og aller mest spennande; i enkelte geoder er kvartskrystallane bygde opp i stalaktittar! Prisane i Marokko er avhengig av dagsform og humør. Kan du opptrå med kjennarmine og peike på slagmerke og skadar, vil dette styrke kreditten vesentleg. Men hugs på at dei som sit på virkeleg gode stuffa er vidarekomne som har greie på det dei driv med. Toppkvalitet til botprisar er sjeldent som ei regnškur i Sahara. Tidegare kunne ein berre sjå steinhorda i Høgatlas omkring Marrakech. I dag er tilbodet stort også i Immouzzer-dalen og i Agadir. Men kor kjem geodene frå, og kalkspat «og barytten» som også er rikeleg representert på borda? Atlas er som kjent stort, og truleg er det fleire forekomster. Vakre, store kalkspat xls finst i alle fall nær Imouzzer og i Eureka, frå denne siste dalen kjem også utruleg flotte grupper av barytt. Kvartsgeodene er temmeleg ulike, og det må i alle fall vera 3–4 forekomster. Dei vakraste amethystgeodene kjem imidlertid frå ein stad, og etter lange kveldars steinprat på stotrande fransk trur eg å veta kor. Og dit går kanskje neste steintur? Til Marokko blir det i alle fall, til dei mile-lange sandstrendene og dei tronge, grøne elvedalane skorne ned i raud og brun Ørkenjord. Og først og fremst til berbervenene våre som alltid har tid til ein liten steinprat og overskot midt i fattigdomen til å be deg heim til eit måltid couscous i leirhuset sitt.

Bytteannonser i NAGS Nytt er gratis!
